



Fylkesmannen si landbruksavdeling
Postboks 7315
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1232 - 14/7597

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjoerge@meland.kommune.no

Dato:

15.05.2014

Kulturlandskapsprisen 2014 - innspel til kandidat frå Meland kommune

Om Øpso

Øpso er ei øy i Herdlefjorden mellom nordre del av Askøy og lo-landet på Holsnøy. Øya er langstrakt, ca. 2,5 km lang og ca. 400 meter brei. På øya er det 4 bruk med eit samla areal på 466 daa. Av dette er 30 daa jordbruksareal. Dei andre areala er skog og lynghei. I tillegg er det ein eigedom knytt til forsvaret på øya, og 15 – 20 hytter. Øpso er ein del av lynghei landskapet langs kysten, og tidligare var skjøtsel av lyngheiane ein viktig del av jordbruksdrifta. Dette fordi lyngen var verdfullt før til dyra. For å halda lyngheiane i hevd, svidde dei landskapet med jamne mellomrom og dyra beita denne. Ein fekk på denne måten fornya lyngen. Fiske i nærområda og skjeltaking var også viktig tilskot til næringsgrunnlaget.

Folketalet på øya har gjennom tidene variert, m.a. budde det 28 personar på øya i 1928 og 13 sjeler i 1960. Midt på 80 talet vart øya frå flytta og sidan har det ikkje vore fastbuande på øya før kring 2003. Avstanden mellom kai på Øpso og kai på lo på Holsnøy i Meland kommune er ca. 700 meter.

Ypsøy kystgard

Vigleik og Monica Ypsøy starta opp drifta av bnr. 3 i 2001. Både Monica og Vigleik har sidan dei starta opp drifta i 2001 skaffa seg teoretisk kunnskap om aktuelle emne for å bygge opp ein kystgard, gjennom opplæring på høgskule/universitetsnivå og mange kurs.

Ypsøy kystgard er registrert på Vigleik Ypsøy i Brønnøysund registeret som personleg føretak. Monica og Vigleik er drivarar. Dei har bygd seg nytt hus på garden og er fastbuande på øya. Dei har avtale med dei andre bruka, inklusivt Forsvaret til å nytta innmark og utmark til skogsdrift og beite.

Drifta

Landbruksdrifta på kystgarden vart teke opp att rundt år 2000 etter at den hadde lege nede i omlag 30 år. Drifta i dag er villsau, småskala matproduksjon basert på eigne råvarer, Inn på tunet – elevar på gard og natur- og kulturbasert reiseliv og kulturformidling, alt med utgangspunkt i ressursgrunnlaget og kystkulturen på og ikring Øpso. Dei har langt på veg klart å byggja opp eit levebrød for begge to på bruket.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Økologisk og berekraftig forvaltning med vekt på lokal historie og lokal kultur er berebjelken for all drift på garden

2002. Utarbeiding av forvaltnings- og skjøtselplan for Ypsøy kystgard

Målet med planen var å få til ei forvaltning av dei kulturhistoriske, biologiske, og estetiske spora, på tradisjonelt vis og ta i bruk ressursane på øya.

Forvaltnings – og skjøtelsplanen omhandlar gard nr. 50, i Meland kommune, som består av øya Ypsøy, med nærliggjande holmar, skjær og kystline. Planen er laga for noverande og komande eigarar av garden, og for andre som ynskjer å ta del i forvaltinga.

- 1. Del** - fortel noko om historia til kystgarden Ypsøy.
- 2. Del** - gjev ein presentasjon av tilstanden på garden i 2000.
- 3. Del** - syner potensiell utvikling.
- 4. Del** - er ein skjøtels – og forvaltningsplan.

Denne planen har vore grunnlaget for det meste av arbeidet som seinare er utført i kulturlandskapet. Me tek med eit sitat som me synest underbyggjer godt det som har skjedd seinare. *Skjøtsel og forvaltning av garden og øya: Øpso – Øpsøy – Øpsen - Ypso – Ypsøy, må baserast på den tradisjonelle drifta som har forma landskapet gjennom tusenvis av år. At garden er veglaus, og har spor fleire tusen år attende, er moment som kan og bør brukast som ein ressurs for drift av garden.*

Dette er eit kystkulturlandskap som må takast vare på gjennom aktivt bruk. Etter kvart som landskapet blir restaurert, skjøtta og teke i bruk, vil det kunna skapast ein positiv stigande spiral som igjen drar fleire positive ting med seg.

Resultatet etter nokre år kan vera:

- Lønsame arbeidsplassar.
- Eit godt miljø for menneske og dyr.
- Særeigne økologiske råvarer og foredla produkt.
- Kultur – og natur opplæring på alle nivå.
- Eit velstelt og triveleg gardsmiljø med tradisjonelle husdyr.
- Stor rekreasjonsverdi i inn – og utmark.
- Gamal kunnskap og reiskapar som er i dagleg bruk (fig 46).
- Forskingsresultat som medverkar til tradisjonell drift av andre kulturlandskap.
- Gode fysiske og psykiske innverknader på enkeltmenneske.
- Positive ringverknader til andre deler av landet.

I 2014 har mange av desse tinga som vart skrive ned i 2002 vorte ein realitet, og dei opplever interesse frå andre om å læra korleis ein kan byggja opp ein levande kystgard.

Meland kommune har i fleire år prioritert Ypsøy kystgard høgt når det gjeld tildeling av tilskot gjennom ordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) midlar. I Strategi for tildeling av SMIL 2008 -2010 låg Ypsøy kystgard inne som eit geografisk satsing område.

Ypsøy kystgard har synt at dei kan nå dei måla dei set seg, og at dei evnar å tenkja heilskap i det dei gjer. Kommunen som har følgd oppbygginga av garden sidan oppstart, ser at det heile tida har vorte lagt stein på stein for å nå visjonen om å skapa berekraftige arbeidsplassar og busetjing i eit godt forvalta kulturlandskap. Mangesyssleriet er historisk sett eit varemerke på kystbonden, og i dette høve er fleire av bransjane dei har satsa på sesongbetont slik at dei høver godt saman..

Tilbakemeldingar som kommunen fangar opp frå kundar er at Ypsøy er ein spesiell og eksotisk stad. Folk vert fasinert av det som er annleis; det at du berre kan koma til øya i båt, det er ingen biltrafikk der og at øya er busett av ein familie som arbeider og trivest der. Det er aukande etterspurnad etter produkt med utgangspunkt i kulturlandskap, og det gjev ein ekstra oppleving når ein kan både sjå og smaka på mat frå det landskapet ein er i.

Kriteria som er sett opp for tildeling av kulturlandskapsprisen 2014 er:

- *Garden og bygningane bør vera i aktiv bruk, helst i næringssamanheng*
- *Landskapet må bæra preg av å være eit berekraftig produksjonslandskap i aktiv drift*
- *Prioritera bruk der drifta er viktig for samla inntekt.*

På Ypsøy er mange gamle bygningar og kulturminne sett i stand og teke i bruk i næring.. Landskapet er gjennom beiting og slått tilbakeført til slik det var. Både kystlynghei, strandeng og denne typen slåttemark er kulturmarkstypar som er sjeldne på våre kantar. Ressursane knytt til landskap, sjø, bygningar, historie og kulturminne er grunnlaget for inntektene dei har frå ulike næringar. Kommunen meiner difor at kriteria som er sett opp er i samsvar med korleis Ypsøy Kystgard vert drive i dag.

I gjeldande kommuneplan 2013-2015 under pkt. 2.5 berekraftig landbruk står det:

- *Eit aktivt landbruk skaper kommunen sin utstjånad i stor mon, og held i hevd gammal kultur som er med å skape identitet og stadkjensle. Eit av kommunen sine mål i høve til landbruk er å ta vare på landskap og kulturminne gjennom aktiv og berekraftig bruk.* Drifta på Ypsøy kystgard er soleis i tråd med kommunale planar for landbruket.

Summen av alle små og store tiltak som har vore utført over dei siste 13 åra med store eigeninnsats meiner Meland kommune gjer at Ypsøy kystgard er ein verdig kandidat til kulturlandskapsprisen for Hordaland 2014

Vedlagt ligg presentasjon laga av Ypsøy kystgard.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturlandskapsprisen 2014

Kopi til:

ypsoy@kystgard.no

Sørli, Steinar

Mottakere:

Fylkesmannen si landbruksavdeling Postboks 7315 5020

BERGEN